



FJELL KOMMUNE

Møteinnkalling

Utval:	Valstyre for Nye Øygarden kommune
Møtestad:	Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato:	28.03.2019
Tid:	09:00

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på tlf 55 09 60 00 eller til grethe.bergsvik@fjell.kommune.no
Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Straume, den 21. mars 2019

Marianne Sandahl Bjorøy
Leiar

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 1/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 2/19	Delegering av styringsmakt frå valstyret
PS 3/19	Oppnemning av røystestyra - kommune- og fylkestingsvalet 2019
PS 4/19	Godtgjersle til medlemmer i røystestyra og valmedarbeidarar - kommune- og fylkestingsval 2019
PS 5/19	Ymse



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 021
Saksmappe: 2019/697-9176/2019
Sakshandsamar: Grethe Bergsvik
Dato: 21.03.2019

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
1/19	Valstyre for Nye Øygarden kommune	28.03.2019

Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
2/19	Valstyre for Nye Øygarden kommune	28.03.2019

Delegering av styringsmakt frå valstyret

Samandrag av saka:

På møtet i fellesnemnda i Nye Øygarden kommune 10.09.2018, sak 51/18, vart det valt eit valstyre for den nye kommunen, jf. § 4 i forskrift om gjennomføring av val til kommunestyre i 2019. I tillegg til val av ni medlemmer og tre varamedlemmer fekk valstyret delegert mynde og fullmakt i samsvar med vallova, valforskrifta og nemnte forskrift.

Valstyret har såleis fått delegert avgjerdsmynde for oppgåver i samband med gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.

I denne saka foreslår rådmannen at valstyret delegerer styringsmynde i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jf. kommunelova § 10 nr. 4 og § 23 nr. 4. Delegasjonsvedtak er både *føremålstenleg* og *forsvarleg* då det vil lette den praktiske gjennomføringa av valet og samstundes sikre at oppgåver vert utført i tråd med regelverk og politiske føringar.

Prosjektrådmannen tilrår delegering av oppgåver som vist til i innstillinga.

Innstilling:

1. Valstyret gir *leiar av valstyret* mynde til å treffe avgjersler i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Valstyret gir *rådmannen* ansvar for den praktiske tilrettelegginga for gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019, i samråd med *leiar av valstyret*.
3. Valstyret gir *rådmannen* mynde til prøving og godkjenning av kurante / ikkje-prinsipielle førehandsrøystegjevingar og røystesetlar.

Straume, den 25.02.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Elektronisk lenkje til lovverk:

- Valglova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57>
- Valforskrifta <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-01-02-5>
- Forskrift om gjennomføring av valg til kommunestyre 2019
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-05-02-671>
- Valhandboka
https://www.regjeringen.no/contentassets/328b3cb156974d358f63319277a52837/valhandbok_2017_nn.pdf

Saksopplysningar:

Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune oppretta eit valstyre på møtet 10.09.2018, sak 51/18:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 10.09.2018:

Det vert valt 9 medlemmer til valstyret, 3 frå kvar kommune med ordførarane som faste representantar:

Fjell

- Marianne Sandahl Bjørøy
- Tom Georg Indrevik
- Anita Garlid Johannesen

Sund

- Kari-Anne Landro
- Nils Kåre Skoge
- Jogeir Sognnæs

Øygarden

- Børge Haugetun
- Espen Harketstad
- Ingrid Marie Toft

Vara

- Odd Bjarne Skogestad

Vara

- May Elin Limevåg

Vara

- Silvia Haugland

Som leiar vert valt:

Marianne Sandahl Bjørøy.

Fellesnemnda delegerer mynde til valstyret i samsvar med vallova og forskrift for gjennomføring av val til kommunestyra i 2019; FOR2018-05-02-671

Kommunelova § 10 nr. 4 og § 23 nr. 4 opnar for at valstyret, som fast utval, kan delegere vedtaksmynde til leiar, arbeidsutval eller rådmannen i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Valhandboka kjem med ei oppstilling av døme på saker av prinsipiell og ikkje-prinsipiell art, som vist til her, men lista er ikkje meint å vere uttømmende.

Saker av ikkje-prinsipiell karakter

Å delegere valoppgåver og -saker til rådmannen er både føremålstenleg og forsvarleg i ein kommune med ca. 29 000 røysteføre. Rådmannen sitt valsekretariat skal administrere sytten røystestyre, med tre medlemmer i kvart styre, og opp mot 150 valmedarbeidarar totalt.

Gjennomføringa av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 inneber særskilte mange praktiske oppgåver som krev rask og kontinuerleg utføring og som sjeldan har prinsipiell karakter:

- setje opp manntal
- sende ut valkort
- legge ut manntalet til offentleg ettersyn
- kunngjeringar
- lage lister over klager
- underrette veljarar og kandidatar
- trykke stemmesetlar
- behandle søknader om lovleg fritak frå verv i røystestyra i medhald av kommunelova

- rekruttere valmedarbeidarar til røystestyra

Prøving og godkjenning av kurante førehandstemmegivingar er også ei oppgåve som vert tilrådd delegert til rådmannen, sjå innstillinga punkt 3. Ifølgje vallova § 10-1 skal valstyret godkjenne førehandstemmegivingar som er levert i stemmesetelkonvolutt. I praksis vil det berre gjelde førehandstemmegivingar som kommunen tek i mot per post frå annan kommune. Alle førehandsstemmegivingar som vert utført i kommunen vert både prøvd og godkjent av stemmemottakar når dei vert lagt i urna. Valforskrifta § 35 utfyller vallova § 10-1 ved at to personar må vere til stades når stemmegivingar skal opnast. Men, dei same to personane kan ikkje både opne omslagskonvolutt og røysetelkonvolutt, og difor må minst fire personar frå valsekretariatet vere til stades ved slike gjeremål. Dersom det vert behov for avklaringar frå valstyret så vil leiar kontaktast.

Saker av prinsipiell karakter

Andre oppgåver som valstyret sjølv bør vedta, og ikkje delegere, er prinsipielle saker:

- å ta avgjersler om listeforslag og eventuell godkjenning av tilbakekalling av listeforslag
- å godkjenne eller forkaste røyster på valtinget, t.d. på valnatta / neste dag

Alle prinsipielle spørsmål vil leggjast fram for valstyret, til orientering.

Vurdering:

Delegering av vedtaksmynde frå valstyret av enkelte oppgåver av ikkje-prinsipiell art er viktig for å sikre ei effektiv førebuing og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019. Delegering av vedtaksmynde sikrar flyt i arbeidsoppgåver, uavhengig av politisk møteverksemd, men samstundes vil oppgåvene utførast innan lovgivinga sine rammer.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/19	Valstyre for Nye Øygarden kommune	28.03.2019

Oppnemning av røystestyra - kommune- og fylkestingsvalet 2019

Samandrag av saka:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 skal gjennomførast som om kommunesamanslåing alt har skjedd og grenseendringane har funne stad. Valstyret har fått delegert mynde frå fellesnemnda i samsvar med vallova og valforskriftene. Valstyret har såleis fått delegert avgjerdsmynde for oppgåver i samband med gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.

Valstyret skal på bakgrunn av dette velje medlemmer og varamedlemmer til alle røystestyra i samsvar med vallova § 4-2. Eit røystestyre skal etter denne paragrafen bestå av minimum 3 medlemmer, som administrerer røystegjevinga på kvar stad. I tillegg til røystestyremedlemmer vert vallokala fylt opp med eit passande tal frivillige og løna valmedarbeidarar, som ikkje skal veljast politisk. Denne ordninga har vore nytta i Fjell kommune og har viste seg å vere ei tenleg løysing som har gitt god fleksibilitet.

Kravet til røystestyremedlemmer, særleg leiar og nestleiar, er prega av dei arbeidsoppgåvene som skal utførast. Det vert sett særleg krav om IT kunnskap når ein viktig del av arbeidet skal gjerast elektronisk, som elektronisk avkryssing i manntalet. God helse og arbeidskapasitet er to andre viktige kriteria for desse verva.

De tre medlemmane i røystestyra er alle førespurde og har førebels sagt ja til å ta på seg vervet.

For å sikre god framdrift og effektivitet så vert det i innstillinga føreslått å gje prosjektrådmannen mynde til å finne nye personar til røystestyra dersom valde medlemmene får fritak etter søknad.

Innstilling:

Valstyret godkjenner framlegget til røystestyre for valkrinsane i nye Øygarden kommune, med følgjande endringar:

-

Delegasjon til prosjektrådmannen:

- Mynde til å rekruttere manglande medlemmer til røystestyra og nye medlemmer dersom valde medlemmer får fritak etter søknad.
- Mynde til å behandle søknadar om fritak frå verv i røystestyra, i samsvar med kommunelova sine føresegner.
- Mynde til å rekruttere valmedarbeidarar.

Straume, den 28.02.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Saksopplysningar:

I kvart vallokale i nye Øygarden kommune skal det veljast eit røystestyre som skal lede gjennomføringa av valet på valdagen, jf. vallova § 4-2. Valstyret i nye Øygarden har fått delegert avgjerdsmynde i alle saker som kommunestyret har etter vallova av 17. juni 2002. Valstyret skal på bakgrunn av dette velje medlemmer til alle røystestyra i samsvar med vallova § 4-2.

Eit røystestyre skal bestå av minst tre medlemmer. Kommunelovas regler om folkevalde sine rettar og plikter vil også gjelde for desse. Det er ikkje eit krav at medlemmer av eit røystestyre skal bu i røystekretsen dei tenestegjer i. Ei avgrensing som gjeld er at listekandidatar ikkje er valbare til røystestyra og difor ikkje kan tenestegjere som røystemottakarar eller valfunksjonærar.

Prosjektrådmannen har laga eit forslag til oppsett av nye røystestyre basert på praksis og erfaringar frå tidlegare val, og kor Fjell kommune si arbeidsform vert vidareført. Det vert foreslått å følgje minstekravet med 3 medlemmer til alle røystestyra. Dei resterande personane i vallokalet fungerer som valmedarbeidarar. Valmedarbeidarane vil bli rekruttert på ulike måtar, mellom anna gjennom annonsering i media og sosiale medium. I tillegg vil det bli nytta tilsette i frå dei tre kommunane. Valmedarbeidarane vil bli plukka ut etter evne og kompetanse, og treng ikkje å bu i krinsen eller kommunen. Erfaringane med ei slik ordning er gode og sikrar framdrift og fleksibilitet i arbeidet med å skaffe tilstrekkeleg tal personar i vallokala. I tillegg vert sluttarbeidet med valavviklinga forenkla og meir effektiv når det er færre personar i eit røystestyre som skal signere møtebok for sin valkrins, med personleg frammøte på Fjell rådhus.

For nokre få krinsar har det ikkje lykkast å få på plass alle kandidatane før saka skulle sendast ut til valstyret, særskilt gjeld dette Ågotnes krins (sjå gul merking). Det vert foreslått at prosjektrådmannen får delegert mynde til å rekruttere dei medlemmene som manglar. Alternativt kan valstyret foreslå nye kandidatar i møtet, som i etterkant vert førespurt om dei har anledning, kapasitet og kunnskap til å ta på seg eit slikt verv.

Krav til medlemmer i røystestyra:

- Må vere folkeregistrert i kommunen.
- Vere nøyaktig, kunne delta i jobbotasjone og ha gode kunnskapar om bruk av elektronisk verktøy.
- Ha god helse og arbeidskapasitet, og kunne vere til stades i vallokalet opp til 12 timar.

Medlemmene som vert føreslått til røystestyra er både nye personar og personar som har vore med tidlegare. Funksjonsnivå har vore eit vurderingsmoment i samansettinga av røystestyra, kor leiar og nestleiar er blitt vurdert særskilt. Dette er to roller kor det vert kravd særleg høg arbeidskapasitet og elektronisk kompetanse. Merk at det for alle forslaga er sjekka ut med vedkommande at dei faktisk kan ta på seg dette vervet ved årets val.

Krav til valmedarbeidarar

- Vere nøyaktig og ha gode kunnskapar om bruk av elektronisk verktøy
- Ha god helse og arbeidskapasitet, og kunne vere aktiv store deler av dagen.
- Vere fleksibel ved jobbotasjone.

Delegasjon

For å sikre framdrift og effektivitet så vert det føreslått å gje prosjektrådmannen delegert mynde til å rekruttere nye personar til røystestyra dersom valde medlemmene får fritak etter søknad. Det vert også føreslått at prosjektrådmannen får delegert mynde til å behandle søknad om fritak frå verv i røystestyra, i samsvar med kommunelova sine føresegner. Det er også avgjerande for fleksibiliteten at prosjektrådmannen får delegert mynde til å rekruttere valmedarbeidarane.

Forslag til røystestyremedlemmer i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

Funksjon	Namn	Adresse
0001 Sund		
<i>Leiar</i>	<i>May Britt Henriksen</i>	<i>Lyngstegen 13</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Solveig Hansen</i>	<i>Bjelkarøyna 19</i>
Medlem	Ivar Steinsland	Skuleneset 9
0002 Stranda		
<i>Leiar</i>	<i>Marita Hamre</i>	<i>Nedre Børnes 25</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Elisabeth Flatøy Hummelsund</i>	<i>Tofterøyvegen 579</i>
Medlem	Inger Helen Tveit Hansen	Tjødnamyra 10
0003 Glesnes		
<i>Leiar</i>	<i>Hallfrid Kalgraff Golten</i>	<i>Goltavegen 296 A</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Margrethe Kallestad</i>	<i>Utanpådalen 115</i>
Medlem	Jan Alfred Flatabø	Liagarden 30
0004 Skogsvåg		
<i>Leiar</i>	<i>Britt Tove Fjeld Skaga</i>	<i>Skogsvågvegen 121</i>

<i>Nestleiar</i>	<i>Anette Vorland</i>	<i>Skogsvågvegen 144</i>
Medlem	Åse Elin Støldal	Kongsgardsvegen 80
0005 Telavåg		
<i>Leiar</i>	<i>Minda Valborg Olsen</i>	<i>Lynghovdo 16</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Nina Karin Vorland</i>	<i>Telamyra 25</i>
Medlem	Jostein Bø	Brekkevegen 14
0006 Skålvik krins		
<i>Leiar</i>	<i>Alvhild Tofterå Berge</i>	<i>Kyrkjesteinsvegen 8</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Arne Sangolt</i>	<i>Søre Fjellavegen 553</i>
Medlem	Nina Merethe Angeltveit	Kongvikvegen 54
0007 Ulveseth krins		
<i>Leiar</i>	<i>Linda Kaalaas</i>	<i>Fjellavegen 189</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Jostein Marøy</i>	<i>Våtemyrvegen 4</i>
Medlem	Elin Ulveseth Minde	Nordre Nesvegen 28
0008 Kolltveit krins		
<i>Leiar</i>	<i>Gunnar Hannisdal</i>	<i>Lielva 6</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Rikard Stokke</i>	<i>Storaleitet 10</i>
Medlem	Jan Helge Lie	Elvabakkvegen 9
0009 Bjørøy krins		
<i>Leiar</i>	<i>Nina Bjørøy</i>	<i>Vestrepollvegen 176</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Kari Kaland Bjørøy</i>	<i>Pollhaugen 9</i>
Medlem	Ole Bjørn Sandahl	Skiparvikvegen 54
0010 Brattholmen krins		
<i>Leiar</i>	<i>Kristoffer Møvik</i>	<i>Nygårdsvegen 20</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Jarle Rennedal</i>	<i>Brattholmen 89</i>
Medlem	Håkon Winterseth	Arefjordsdalen 7
0011 Hjelteryggen krins		
<i>Leiar</i>	<i>Kirsten Syljeset</i>	<i>Storamyra 11</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Ragnvald Ree</i>	<i>Tonaffellet 9</i>
Medlem	Jannicke Johannesen	Nordre Knappen 78
0012 Foldnes krins		
<i>Leiar</i>	<i>Bjarne Kahrs</i>	<i>Gullfjellvegen 15</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Sissel Ekerhovd</i>	<i>Tytebærbrekko 60</i>

Medlem		
0013 Ågotnes krins		
<i>Leiar</i>		
<i>Nestleiar</i>		
Medlem		
0014 Toftøy		
<i>Leiar</i>	<i>Helga Vik Barsnes</i>	<i>Knappebrekka 8</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Thora Vik</i>	<i>Markja 15</i>
Medlem	Magnar Blom	Torvhaugen 17
0015 Rong		
<i>Leiar</i>	<i>Anne-Grethe Andersen</i>	<i>Hanelen 37</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Eli Katrine Rong</i>	<i>Veslevarden 35</i>
Medlem	Jane Torsvik	Gjetlingavegen 16
0016 Breivik/Blomvåg		
<i>Leiar</i>	<i>Marit Dale Fjeldstad</i>	<i>Breivikvegen 213</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Norolf Sæle</i>	<i>Sælstøvegen 2</i>
Medlem	Eleri Mai Oen Fossem	Dønna 1
0017 Alvheim/Hatten/Bakken		
<i>Leiar</i>	<i>Kjersti Nordøy</i>	<i>Ådnevikvegen 94</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Turid Aalvik</i>	<i>Nordmarkvegen 8</i>
Medlem	Ivar Husebø	Storstovevegen 3

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/19	Valstyre for Nye Øygarden kommune	28.03.2019

Godtgjersle til medlemmer i røystestyra og valmedarbeidarar - kommune- og fylkestingsval 2019 i nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Fjell, Sund og Øygarden kommunar skal gjennomføre kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 saman og som om kommunane alt er slått saman til nye Øygarden kommune.

I den nye kommune er det 17 valkrinsar og totalt 29 000 personar med stemmerett til dette valet.

Prosjektrådmannen legg fram forslag til harmonisering av dei ulike ordningane for godtgjersle til medlemmer i røystestyra og til andre valmedarbeidarar i ulike funksjonar. I framlegget er det utgreidd to alternative kostnadsoverslag med to ulike timesatsar, men prosjektrådmannen legg fram forslag til innstilling utan spesifikke satsar.

Innstilling:

1. Godtgjersle til medlemmer i røystestyra og valmedarbeidar vert sett til kr pr time.
2. Leiar i røystestyret får eit leiartillegg på kr
3. Deltaking i obligatorisk opplæring vert godtgjort med kr som eingongsutbetaling.
4. Deltaking i oppsett av utstyr og klargjering av vallokalet før valdagen vert godtgjort med kr som eingongsutbetaling.
5. Administrativt tilsette som arbeider på valnatta får ei godtgjering på kr pr time. Det vert ikkje betalt løn i tillegg for desse timane.

Straume, den 18.03.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Grethe Bergsvik
Valansvarleg

Dokument vedlagt saka:

To alternative kostnadsoverslag – godtgjerslesatsar til valarbeid 2019

Saksopplysningar:

Gjennomføring av eit kommune- og fylkestingsval i ein kommune med ca 30.000 røysteføre er eit omfattande arbeid som vil krevje stor arbeidsinnsats frå mange personar.

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden har ikkje noko felles regelverk for godtgjering av dei ulike funksjonane som er knytt til valarbeidet. Det må difor utarbeidast nye reglar for godtgjersle som skal gjelde for alt valarbeid i samband med kommande kommune- og fylkestingsval.

Vidare i saka vert det gjort greie for dei ulike funksjonane som har oppgåver i samband med gjennomføring av eit val.

Valstyret – har det overordna ansvaret for valgjennomføringa:

Valstyret for nye Øygarden kommune vart valt av fellesnemnda 10.09.18, sak 51/18 og dei ni medlemene kjem frå fellesnemnda. Godtgjersle for deira møte vert i utgangspunktet regulert av reglement for fellesnemnda og medlemene får betalt for kvart møte. Valstyret, anten heile eller delar av det, må vere disponibelt for valsekretariatet under endeleg oppteljing av stemmesetlar på valnatta og kunna å ta avgjerd i prinsipielle spørsmål som kan oppstå.

Valmedarbeidarar i førehandsrøysteperioden:

Alle dei tre kommunane har nytta kommunalt tilsette som valmedarbeidarar til dette arbeidet. Arbeid ut over normal arbeidstid har vore godtgjort etter gjeldande lønsregulativ i den einskilde kommune og dekkja innanfor lønsbudsjettet til den aktuelle avdelinga. Denne ordninga har fungert godt, så prosjektrådmannen foreslår å vidareføre denne også ved dette siste valet før alle er tilsett i Nye Øygarden kommune.

Røystestyra – med ansvar for gjennomføring av valting på valdagen:

Det vil vere eitt røystestyre i kvar av dei 17 røystekrinsane i den nye kommunen. Røystestyret har ansvar for at valting vert gjennomført på valdagen etter gjeldande regelverk, både lokalt og nasjonalt. Det koordinerer oppgåvene i vallokalet, har kontakt med valsekretariatet før, under og etter valet. Andre viktige oppgåver er å føre røystestyret si møtebok og signere på denne, forsegle stemmesetlane etter førebels oppteljing og frakte dei til rådhuset på Straume for endeleg oppteljing. Røystestyret har og ansvar for at vallokalet er klargjort til valting.

Valstyret har til behandling sak om «Oppnemning av røystestyra – kommunestyre- og fylkestingsval 2019» i same møtet som denne saken vert behandla. Der foreslår prosjektrådmannen å følgje noverande praksis frå Fjell kommune med at røystestyret består av **leiar, nestleiar og eitt medlem**. I saka vert det lagt opp til ein viss kontinuitet i røystestyrekorpset, men og ei fornying. På den måten sikrar vi å få med viktig erfaring i tillegg til kunnskap om nye og oppdaterte måtar å gjennomføre val på. Samla vil medlemmer i røystestyra utgjere totalt **51 personar**.

Alle krinsane i den nye kommunen vil ha opent frå kl 09.00 – 21.00, men den totale arbeidsdagen for medlemene i røystestyra kan komme opp mot 16 timar inkludert forarbeid og etterarbeid.

Det er vedteke i ny valforskrift at det av tryggleiksomsyn skal vere minst ei manuell teljing både av førehandsrøyster og av røystene på valting. Det vert tilrådd frå valdirektoratet si side at førebels oppteljing av valtingsrøyster skjer manuelt ute i krinsane. Ei slik ordning er velprøvd i alle kommunar og har vanlegvis medført at det førebelse valresultatet kan kunnngjørast tidleg etter at vallokala stenger.

Valmedarbeidarar – delta i gjennomføring av valting på valdagen

Det vil vere stort behov for personell ut over dei tre personane som utgjer sjølve røystestyret. Den lange opningstida gjer at det vert behov for meir personell enn det som har vore vanleg ved tidlegare val i krinsane i noverande Sund og Øygarden kommunar. Alle andre som skal delta i valgjennomføringa får nemninga **valmedarbeidarar**, og talet på desse vil variere frå krins til krins alt etter størrelse på krinsen.

Dei som vert rekruttert til valmedarbeidar må i utgangspunktet kunne handtere ein svært lang arbeidsdag. Vi må likevel leggje opp til at nokon kan ha kortare arbeidsdag og berre vere til stades i dei mest hektiske periodane på dagen. Vi veit av erfaring at behovet for personell i vallokalet er størst på ettermiddag og kveld.

Ordninga med elektronisk avkryssing i manntalet i alle krinsar set krav til kompetanse og erfaring i bruk av PC for dei som skal registrere veljarar i manntalet. For at organiseringa av arbeidet i vallokale skal vere effektiv og fleksibel bør også alle andre valmedarbeidarar ha kjennskap til bruk av PC, sjølv om det framleis vil vere nokre arbeidsoppgåver i vallokalet der slik kunnskap ikkje er direkte påkravd. Andre krav til valmedarbeidar er at dei er effektive, systematiske, nøyaktige og likar å rettleie folk.

Rekruttering av valmedarbeidar til arbeid på valdagen

Fjell kommune hadde ei ordning ved Stortingsvalet i 2017 der tilsette på rådhuset og elles andre kommunalt tilsette, kunne melde seg som valmedarbeidarar. Prosjektrådmannen rår til at slik ordning vert vidareført og at kommunalt tilsette i dei to andre kommunane og får tilbodet. I tillegg vil det vere behov for å rekruttere eksterne valmedarbeidarar og då gjennom annonsering i lokalavisa og på kommunane sine nettsider. Prosjektrådmannen ser for seg at det vil vere behov for inntil 160 valmedarbeidarar inkludert dei 51 som vert valt som medlemmer i røystestyra.

Satsar for godtgjersle:

Heller ikkje på godtgjerslesatsane finn vi samsvar mellom dei tre kommunane. På dette området er det også store skilnadar mellom kommunane elles i landet og det ligg ikkje føre sentrale tilrådingar. Det er difor opp til den einskilde kommune å fastsetje satsane.

Noverande satsar for godtgjersle sortert på kommune:

Øygarden:

I Øygarden har det vore praksis for å godtgjere leiar i valstyret, valkoordinator og sekretær for valstyret med ein eingongsutbetaling på kr 11.000 pr val. Dette med bakgrunn i krav om auka kompetanse og ekstra arbeidsbyrde det året det er val-gjennomføring. Medlemene i valstyret har også fått kr 275,- pr time for å vere disponible på valdagen/kvelden. Deltaking på møta i valstyret vert dekkja etter gjeldande regelverk for folkevalde.

Medlemer i røystestyra har alle fått ein lik timesats på kr 275,- for arbeid på valdagen. Øygarden har ikkje kompensert leiar i røystestyret ekstra utover satsen på kr 275,- pr time.

Tilsette som har valoppgåver utanom vanleg arbeidstid (førehandsrøysting og valting) har fått si ordinære løn etter gjeldande lønsregulativ/tariffavtale. Øygarden har ikkje hatt kommunalt tilsette i røystestyra i vallokala på valdagen.

Vallokala i Øygarden har dei to siste vala hatt opent frå kl 12.00 – 21.00.

Fjell kommune:

Fjell kommune har ikkje utbetalt ekstra godtgjersle til leiar i valstyret, heller ikkje til dei som har hatt administrativt ansvar for gjennomføring av valet. Medlemer i valstyret har fått møtegodtgjersle pr møte, men ikkje ekstra kompensasjon for å vere disponible på valdag/natt.

Både medlemer i røystestyra (leiar, nestleiar og medlem) og andre valmedarbeidarar har fått kr 175,- pr time. Leiar har fått kr 500,- ekstra for vervet.

Kommunalt tilsette, både dei som har arbeidd med valoppgåver knytt til førehandsrøysting og oppgåver på rådhuset på valdag/natt og som valmedarbeidar ute i vallokala på valdagen har hatt si ordinære løn etter gjeldande lønsregulativ/tariffavtale.

I tillegg vart det betalt kr 300,- for obligatorisk opplæring til dei som hadde oppgåver ute i vallokala.

Vallokala i Fjell har i mange år hatt opningstid frå kl 09.00 – 21.00.

Sund kommune:

Sund har ikkje betalt ekstra godtgjersle til leiar i valstyret og administrativt valansvarleg. Medlemer i valstyret har fått møtegodtgjersle etter reglement for godtgjersle til folkevalde for kvart møte.

I Sund kommune har ein nytta faste satsar for røystestyra. Leiar har fått kr 4.100,- og dei andre medlemene og møtande varamedlemer har fått kr 3.600,- for arbeidet med valgjennomføringa.

For kommunalt tilsette valmedarbeidarar, som har hatt oppgåver på valdagen/valnatta – etter ordinær arbeidstid, har det vore betalt kr 560,- pr time til alle.

Sund kommune har ikkje hatt kommunalt tilsette valmedarbeidarar ute i vallokala på valdagen.

Opningstida i vallokala i Sund har vore frå kl 12.00 – 21.00 (20.00).

Alle kommunar har betalt ut tapt arbeidsforteneste etter grunngitte krav i tillegg til kilometergodtgjersle.

Det er elles svært stor variasjon mellom andre kommunar i landet når det gjeld nivå på godtgjersle for valarbeid og kva funksjonar som får kompensasjon. Prosjektrådmannen har gjort ei enkel undersøkingar for å finne kommunar som er samanliknbare med den størrelsen nye Øygarden kommune får. Det som fort kjem fram er at jo større ein kommune er jo høgare kompensasjon for dei ulike funksjonane. Store by-kommunar som Bergen, Oslo, Trondheim og Stavanger har lagt seg på eit nivå som gjer det attraktivt å vere valmedarbeidar. Vi har kontakta fleire samanslåingskommunane som er i same prosess som oss og arbeider med å

lage felles rutinar og retningslinjer for valgjennomføring. Det er vanskeleg å finne ordningar vi kan overføre direkte. Under finn de nokre eksemplar på kva godtgjersle ulike kommunar har:

Karmøy kommune – ca 41.000 innbyggjarar:

Leiar i stemmestyret får kr. 2.500, nestleiar og medlem får kr 2.300. Alle andre valfunksjonærar får kr 1.500 pr dag. Det vert betalt tapt arbeidsforteneste til eksterne og kommunalt tilsette vert ikkje trekt i løn dersom dei deltek som valmedarbeidarar i vallokala. Det vert betalt kr 500,- for å delta på obligatorisk opplæring og kr 500,- for å vere med å klargjere vallokale og utstyr helga før valdagen.

Hamar kommune – ca 31.000 innbyggjarar

Leiar i stemmestyret får ein samla godtgjersle på kr 4.000,-. Nestleiar og medlemmer får kr 3.000,-. Dette er ei samla godtgjersle både for opplæring, rigging av vallokala og valgjennomføring.

Ski kommune – ca 30.000 innbyggjarar

Medlemer i stemmestyra og valmedarbeidarar får alle kr 3.800,- for heil dag og kr 2.200 for halv dag (kl 15.00 og ut dagen til ca kl 23.00). I tillegg får dei kr 700,- for obligatorisk opplæring.

Vurdering:

Prosjektrådmannen legg i denne saka fram forslag til harmonisering av satsane for valarbeid, basert på tidlegare ordningar for dei tre kommunane og erfaringar frå andre samanliknbare kommunar. Det vert foreslått ein felles timesats for alle som arbeider med val ute i vallokala. Dette gjeld også dersom kommunalt tilsette ønskjer å delta i dette arbeidet. Det vert tilrådd at kommunalt tilsette kan få fri med løn, men at tilsette med stillingar der arbeidsgjevar må ta inn vikar ikkje er aktuelle som valmedarbeidarar.

Gjennomføring av val vert stadig meir teknisk, det er auka fokus på tryggleik og det vert kravd god kompetanse på korleis eit val skal gjennomførast. Fjell kommune har hatt god erfaring med å bruke eigne tilsette som valmedarbeidar ute i dei store valkrinsane. Dette er personar ein kjenner til frå før og som har dei eigenskapane som trengs under valgjennomføringa. Prosjektrådmannen ser at det å kunne bygge opp eit godt og kunnskapsrikt apparat ute i valloka sikrar at valet vert gjennomført på ein trygg og korrekt måte.

Valstyret:

Valstyret i ein kommune har det overordna ansvaret for gjennomføring av alle val. Vanlegvis er det ordførar som er leiar i valstyret, noko som også har vore tilfelle for alle dei tre kommunane som no skal slå seg saman. Prosjektrådmannen vil ikkje foreslå å innføre ekstra kompensasjon til leiar i valstyret og heller ikkje at dei andre medlemene får godtgjersle ut over møtgodtgjersla for deltaking i oppsette møter. Det er forventa at heile valstyret, eller delar av det er disponible for valsekretariatet og kan møte på forholdsvis kort varsel. Under gjennomføring av eit val, særleg på valdagen/kvelden og under oppteljing, kan det oppstå situasjonar som valsekretariatet treng å avklare med valstyret. Valstyret kan på førehand avtale seg i mellom ei vaktordning der minst to medlemmer kan vere til stades i eit gitt tidsrom. Skal det takast nokre prinsipielle avgjerder, som til dømes godkjenning/vraking av røyster, må eit fleirtal av valstyret vere til stades. Det vert lagt opp til eit møte i valstyret dagen etter valet for å utføre denne oppgåva.

Røystestyra og valmedarbeidar i vallokala:

Prosjektrådmannen foreslår at det vert innført ei ordning med eins timesats både for medlemmer i røystestyra og for alle andre valmedarbeidarar som har oppgåver i vallokala på valdagen. Leiar i røystestyret, som har det overordna ansvaret og ekstra planleggingsarbeid, må få eit leiartillegg.

Det vert vidare foreslått at obligatorisk valopplæring på ca 3-4 timar vert betalt med kr 500,- ved frammøte og at arbeid med å setje opp valutstyr og klargjere vallokalet i dagen før valdagen vert godtgjort med kr 500,-.

Kommunalt tilsette som arbeider med val over lengre tid og med valoppgåver under førehandsrøysteperioden får si ordinære løn og vert kompensert for overtid etter gjeldande lønsregulativ i sine noverande kommunar. Unnataket er for valarbeid på kveld/natt på sjølve valdagen. Prosjektrådmannen foreslår at dette arbeidet bør kompenseras ekstra med lik timesats for alle som møter til dette valarbeidet. Ordinær løn vert ikkje betalt i tillegg, difor må storleiken på timesatsen må vere så høg at det svarar seg for den tilsette å delta. Det vet foreslått ein sats på kr 600 pr time frå kl 20.00 og ut over kvelden/natta.

Finansiering:

Kvar kommune har budsjettert med kostnader til valg gjennomføring og har lagt inn noko forventa auke i godtgjersle. Prosjektrådmannen foreslår at kvar kommune dekkjer godtgjersla for sine tilsette og godtgjersle til medlemmer i røystestyra/valmedarbeidar i kommunen sine tidlegare krinsar innanfor eige budsjett.

Prosjektrådmannen legg fram saka med følgjande forslag med to alternative godtgjerslesatsar for dei ulike funksjonane.

Funksjon i vallokale på valdagen	Sats pr time Alt 1 / Alt 2	Leiartillegg	Obligatorisk Opplæring eingongssats	Klargjering av vallokale - eingongssats
Leiar i røystestyret	kr 225/200	kr 750	500	500
Medlemmer i røystestyra	kr 225/200	-	500	500
Valmedarbeidarar	kr 225/200	-	500	500
Valansvarleg/skanning (oppteljing valnatt)	kr 600			

For leiar av røystestyret vil slik godtgjerelse for full dag (16 timar) utgjere kr 4.350. I tillegg kjem kompensasjon for å delta på opplæring og klargjering av vallokalet på til saman kr 1.000.

Alternativ 1 tek utgangspunkt i ein timesats på **kr 225,-** for arbeidet. Samla kostnad for dette alternativet utgjør kr 689 550.

Alternativ 2 tek utgangspunkt i ein timesats på **kr 200,-** for arbeidet. Samla kostnad for dette alternativet utgjør kr 623 150.

I tillegg vert det foreslått kompensasjon på kr 600,- til tilsette som har oppgåver på valdagen/natta – etter ordinær arbeidstid, frå ca kl 20.00 og utover, estimert til kr 49 200.

For detaljert utrekning vert det vist til vedlagte rekneark.

To alternative kostnadsoverslag - godtgjersle for valarbeid 2019

ALTERNATIV 1 - kr 225 pr time:

Samla estimat for valarbeid i vallokala på valdagen for Nye Øygarden kommune:

kr 689 550

Sund kommune

Krins	Røyste-føre	Valmed-arbeidar	Time-sats	Tal timar	Sum
Sund	817	6	225	16	21 600
Stranda	1709	10	225	16	36 000
Glesnes	562	6	225	16	21 600
Skogsvåg					-
inkl Tellnes	2298	11	225	16	39 600
Telavåg	538	6	225	16	21 600
Sum	5924	39			
Tillegg	Eingongs-sats	Tal personar			-
Leiar-tillegg	750	5			3 750
Opplæring	500	42			21 000
Klargjering	500	15			7 500
Estimat					172 650

Øygarden kommune

Krins	Røyste-føre	Valmed-arbeidar	Time-sats	Tal timar	Sum
Toftøy	981	6	225	16	21 600
Rong	1019	6	225	16	21 600
Brevik/					-
Blomvåg	858	5	225	16	18 000
Alvheim/					-
Hatten/					-
Bakken	895	5	225	16	18 000
Sum	3753	22			-
Tillegg	Eingongs-sats	Tal personar			-
Leiar-tillegg	750	4			3 000
Opplæring	500	26			13 000
Klargjering	500	12			6 000
Estimat					101 200

Fjell kommune

Krins	Røyste-føre	Valmed-arbeidar	Time-sats	Tal timar	Sum
Skålvik	1134	8	225	16	28 800
Ulveset	1870	10	225	16	39 600
Kolltveit	3661	17	225	16	61 200
Bjørøy	846	6	225	16	21 600
Sum	7511	41			
Totalt i kommunen	19244	96			
Tillegg	Eingongs-sats	Tal personar			-
Leiar-tillegg	750	4			3 000
Opplæring	500	42			21 000
Klargjering	500	12			6 000
Estimat					181 200
Samla		415 700			

Krins	Røyste-føre	Valmed-arbeidar	Time-sats	Tal timar	Sum
Brattholmen	3199	14	225	16	50 400
Hjelteryggen	2346	12	225	16	43 200
Foldnes	2361	12	225	16	43 200
Ågotnes	3827	17	225	16	61 200
Sum	11733	55			
Tillegg	Eingongs-sats	Tal personar			-
Leiar-tillegg	750	4			3 000
Opplæring	500	55			27 500
Klargjering	500	12			6 000
Estimat					234 500

To alternative kostnadsoverslag - godtgjersle for valarbeid 2019

ALTERNATIV 2 - kr 200 pr time

Samla estimat for valarbeid i vallokala på valdagen for Nye Øygarden kommune:

kr 623 150

Sund kommune

Krins	Røyste-føre	Valmed-arbeidar	Time-sats	Tal timar	Sum
Sund	817	6	200	16	19 200
Stranda	1709	10	200	16	32 000
Glesnes	562	6	200	16	19 200
Skogsvåg			200		-
inkl Tellnes	2298	11	200	16	35 200
Telavåg	538	6	200	16	19 200
Sum	5924	39			
Tillegg	Eingongs-sats	Tal personar			-
Leiar-tillegg	750	5			3 750
Opplæring	500	42			21 000
Klargjering	500	15			7 500
Estimat					157 050

Øygarden kommune

Krins	Røyste-føre	Valmed-arbeidar	Time-sats	Tal timar	Sum
Toftøy	981	6	200	16	19 200
Rong	1019	6	200	16	19 200
Brevik/			200		-
Blomvåg	858	5	200	16	16 000
Alvheim/			200		-
Hatten/			200		-
Bakken	895	5	200	16	16 000
Sum	3753	22			
Tillegg	Eingongs-sats	Tal personar			-
Leiar-tillegg	750	4			3 000
Opplæring	500	26			13 000
Klargjering	500	12			6 000
Estimat					92 400

Fjell kommune

Krins	Røyste-føre	Valmed-arbeidar	Time-sats	Tal timar	Sum
Skålvik	1134	8	200	16	25 600
Ulveset	1870	10	200	16	32 000
Kolltveit	3661	17	200	16	54 400
Bjørøy	846	6	200	16	19 200
Sum	7511	41			
Totalt i kommunen	19244	96			
Tillegg	Eingongs-sats	Tal personar			-
Leiar-tillegg	750	4			3 000
Opplæring	500	42			21 000
Klargjering	500	12			6 000
Estimat					161 200
Samla					373 700

Krins	Røyste-føre	Valmed-arbeidar	Time-sats	Tal timar	Sum
Brattholmen	3199	14	200	16	44 800
Hjelteryggen	2346	12	200	16	38 400
Foldnes	2361	12	200	16	38 400
Ågotnes	3827	17	200	16	54 400
Sum	11733	55			
Tillegg	Eingongs-sats	Tal personar			-
Leiar-tillegg	750	4			3 000
Opplæring	500	55			27 500
Klargjering	500	12			6 000
Estimat					212 500

Valsekretariatet og oppteljingskorpset sitt arbeid på valdag/natt

Funksjon	Tal personar	Timar	Sats	Sum
Valansvarlege	2	8	600	9 600
Mottak av røystesetlar med meir	3	3	600	5 400
Mottak av stemmetal	3	3	600	5 400
Skanning / elektronisk oppteljing	8	6	600	28 800
Estimat	16	20		49 200



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 021
Saksmappe: 2019/697-9177/2019
Sakshandsamar: Grethe Bergsvik
Dato: 21.03.2019

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
5/19	Valstyre for Nye Øygarden kommune	28.03.2019

Ymse